

La Førdefjorden leve!

Norges Naturvernforbund, samla til landsmøte i Bergen 21.–23. august, krev at den kommande regjeringa avviser planen om utvinning av rutil i Engebøfjellet i Vevring, med deponi av enorme mengder knust fjell i Førdefjorden. Marinbiologar er redde for at store delar av fjorden kan bli livlaus i heile driftsperioden på 40-50 år.

Selskapet Nordic Mining har søkt konsesjon for utvinning av mineralet rutil i Engebøfjellet i Vevring. Berre 3-4 prosent av berget er rutil. Det er planen å deponere 140 millionar kubikkmeter knust fjell i Førdefjorden. Botnen vert heva frå 300 meters djup til 150 meter over tre kvadratkilometer. For å hindre at fine partiklar vert svevande i fjorden, er planen å setje til eit flokkuleringsmiddel, magnafloc, som inneheld kreftframkallande akrylamid. I tillegg til fjorddeponiet vil fleire titals millionar tonn masse bli liggande att på land. I minst 15 år vil drifta vere i dagbrot, døgkontinuerlig med fjellsprengingar og støyande industri tett inn på eksisterande busetting.

Førdefjorden er rein og har ein uvanleg rik biologi, med fleire artar og fleire individ enn det som gjennomgåande er å finne i fjordar på Vestlandet. Fjorden er verna som nasjonal laksefjord frå ei grense like innanfor det planlagde deponeringsbassenget. Nausta, ei av dei mest produktive lakselvane på Vestlandet, er nasjonalt laksevassdrag og renn ut i fjorden. Det er høgst usikkert korleis sprenging og annan aktivitet vil verke på utvandrande laksesmolt.

Deponiområdet forsvinn som habitat for leveområde for fleire artar av djupvassfisk, fortel konsekvensvurderinga.

Deponering av store mengder mineralpartiklar i Førdefjorden er venta å skade eller utslette dyrelivet på botnen så lenge deponeringa varer, og ha langtidsverknader etterpå.

Det er fare for at flokkuleringsmiddelet magnafloc, som inneheld akrylamid, er giftig for fisk.

Det er fare for at dei finknuste partiklane ikkje vil falle raskt til botnar, og at store delar av fjorden vert prega av svevande steinstøv.

Dei fleste i lokalsamfunnet Vevring vil ikkje ha gruve drift. Den vitale bygda vil ha ein levande fjord, og ikkje støy og støv som reduserer livskvaliteten på land.

Konsekvensane er alvorlege eller usikre for eit heilt fjordsystem. Konsekvensane er i strid med det nasjonale målet om å sikre ein vasskvalitet som er god nok til at artar og økosystem lever vidare, og som er grunnlag for menneskeleg helse og trivsel.

Sannsynlege konsekvensar for fjorden er så alvorlege at planen må avvisast ut frå føre var-prinsippet. Førdefjorden er ein rein fjord som er biologisk svært rik, som er nasjonal laksefjord og som er ein naturtype som Noreg har eit særleg ansvar for i verda.

Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Indre Sunnfjord